



Retningslinjer for prioritering av søknader om
tilskot til tiltak i beiteområde
2026-2030

Stranda kommune

Innhald

1.	Føremål med lokale retningslinjer	3
2.	Kva er tilskot til tiltak i beiteområde?	3
3.	Kven kan søkje?	3
	Vilkår og prioriteringar for tilskot	3
4.	Kvar søkjar eg?	4
5.	Om midlar i Stranda kommune.....	4
	Status og utfordringar i beiteområde	4
	Målsetting for bruk av midlane i Stranda kommune	4
	Behov for midlar	4
6.	Kva kan eg få midlar til?.....	5
	Aktuelle tiltak og prioriteringar i perioden.....	5
	Rettleiande satsar for eige arbeid	7
7.	Sakshandsaming	7
8.	Korleis får eg utbetalt tilskotet?	7
9.	Kvar finn eg meir informasjon?	7

1. Føremål med lokale retningslinjer

Forvaltninga av tilskot til tiltak i beiteområde er overført til kommunane. Dette er gjort for å styrke det lokale sjølvstyret og å gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver.

Midlane skal forvaltast i samsvar med forskrifter og tilhøyrande rundskriv frå Landbruksdirektoratet. Kommunen skal likevel fastsetje lokale retningslinjer for prioritering av søknader. Desse retningslinjene skal vere drøfta med dei lokale faglaga i jordbruket og med Statsforvaltaren. Lokale retningslinjer kan ikkje innskrenke eller utvide forskrifta sitt føremål, verkeområde eller vilkår. Retningslinjene skal godkjennast politisk og rullerast kvart valperiode, eller ved behov. Retningslinjer bør sjåast i samanheng og koordinerast med retningslinjene for spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL).

2. Kva er tilskot til tiltak i beiteområde?

Tilskot til tiltak i beiteområde bidreg til å leggje til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremje fellestiltak i beiteområda. Ordninga er regulert av *Forskrift om tiltak i beiteområde*.

Døme på tiltak:

- Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt (t.d. vegetasjonskartlegging, nytt beitelag)
- Investeringar som er knytte til utmarksbeita (t.d. faste installasjonar og utstyr)

Tiltak for å redusere tap og konflikhtar knytt til rovvilt vert dekt over såkalla *tilskot til førebyggjande og konfliktdepande tiltak mot rovviltsskadar* (FKT-tilskot).

3. Kven kan søkje?

Det er fyrst og fremst beitelaga som kan søke på dette tilskotet.

Enkeltføretak kan søke når det grunna naturgitte eller driftsmessige forhold ikkje ligg til rette for samarbeid.

Vilkår og prioriteringar for tilskot

- Søklar må vere registrert i Einingsregisteret.
- Enkeltføretak må ha rett til produksjonstilskot.
- Næringsmessig beitedrift inneber normalt minst 5 veker på beite, og at over halvparten av medlemmene i laget eller foreininga har rett til produksjonstilskot.
- Tilskot til faste installasjonar føreset løyve eller avtale med grunneigar.
- Investeringstiltak som er starta eller utførte blir normalt ikkje tilskotsgodkjende.
- Ein kan ikkje få tilskot til tiltak i beiteområde dersom det ikkje ligg føre langsiktige leigeavtaler (minst 10 år).
- Nytt tilskot til same type tiltak kan ikkje gjevast før etter 20 år for hytter og 15 år for faste installasjonar.
- Kart med innteikna tiltak dersom søknaden gjeld fast installasjon i beiteområde.
- Tilskotet blir berekna etter godkjent kostnadsoverslag.
- Elektronisk gjerde/overvakingsutstyr: dekning for inntil 50% av dyretalet i beitelaget/besetninga. Årsabonnement vert ikkje dekt.

- Fristen for gjennomføring er tre år frå tilskotet blei innvilga, med mindre kommunen fastset ein kortare frist. Fristen kan forlengjast til fem år etter godkjenning frå kommunen.

4. Kvar søkjar eg?

Ein oppmodar om å bruke det elektroniske søknadsskjemaet frå Landbruksdirektoratet på www.landbruksdirektoratet.no under «Tilskot til tiltak i beiteområde». Her finst også forskrift, rettleiingar og kommentarar.

Søknad om tilskot sender ein til den kommunen som er mest påverka av tiltaket, dersom det strekkjer seg over fleire kommunar.

Søknaden må vere komplett og med nødvendig dokumentasjon. Kommunen kan krevje meir dokumentasjon ved behov.

Søknadsfrist: 15. mars

Ein kan søkje etter fristen, men søknader innan frist blir prioriterte. Søknader etter frist blir behandla dersom kommunen har midlar igjen.

5. Om midlar i Stranda kommune

Status og utfordringar i beiteområde

Strukturendringane i landbruket, med færre og større driftseiningar, merkast også i beiteområda. Det er i hovudsak dei mindre bruka som framleis har sauehald, og sjølv om Stranda har nokre store geitebesetningar, er det totale beitetrykket i utmark fleire stader for lågt. Dette fører til at store beiteareal ikkje blir utnytta, og gror att.

Målsetting for bruk av midlane i Stranda kommune

Det er svært viktig at vi brukar dei verkemidla som ordninga gir for å stimulere til auka bruk av utmarksareala samt å opprettehalde tidlegare beite i utmark. Ved å utnytte lokale fôrressursar kan utmarksbeiting òg redusere klimagassutslepp og støtte opp under miljøkrav i landbrukspolitikken.

Stranda kommune ønskjer å bruke midlar for å:

- fremje bruk av utmarksbeite til husdyr
- fremje fellestiltak i beiteområde
- redusere tap av dyr på utmarksbeite

Behov for midlar

Kommunane får kvart år tildelt ei økonomisk ramme frå Statsforvaltaren, basert på mellom anna tal aktive gardsbruk, landbrukseigedomar, areal i drift, innmeldt behov og aktivitets- og resultatnivå dei siste to åra. Etterspurnaden etter midlar har vore høg, og ordninga har bidrege til mange gode prosjekt. Midlane har som regel vore oppbrukte etter hovudtildeling med behov for ekstramidlar.

6. Kva kan eg få midlar til?

Tilskot til planleggings- og tilretteleggingstiltak

Gjeld prosjekt som rettar seg mot organisering og tilrettelegging av utmarksbeita for god og effektiv beitebruk.

Dette kan vere:

- Planlegging og prosjektering av faste installasjonar
- Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområde
- Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita
- Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan bidra til effektiv og god beitebruk
- Utarbeiding av planar (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan mv.) for utmarksbeite
- Vegetasjonskartlegging

Tilskot til investeringar som er knytte til utmarksbeita

Gjeld investeringar i faste installasjonar og anna utstyr som er knytt til beitebruk som fremjar beitebruk i eit område.

Dette kan vere:

- Sperregjerde som hindrar beitedyr i å kome ut av beiteområdet (sperregjerde kan også tene til å avgrense beiteområdet mot veg, jernbane, tettbygde område og samanhengande jordbruksområde)
- Ferister, godkjent fabrikk eller bygde etter standardteikningar
- Bruer dimensjonerte for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonerte, kan kostnadsoverslaget eller tilskotsdelen reduserast tilsvarande
- Gjetarhytter på inntil 20 m², med kvadratmeterpris som svarar til gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området
- Sanke- og skiljeanlegg
- Anlegg, rydding og utbetring av drifteveggar
- Saltsteinsautomatar
- Transportprammar
- Elektronisk overvakingssystem (t.d. radiobjeller, merkeavlesarar)
- Elektronisk gjerde (t.d. Nofence)

Aktuelle tiltak og prioriteringar i perioden

I tabellen under er det gitt ei oversikt over dei tiltaka kommunen vil prioritere innanfor ordninga tiltak i beiteområde i perioden. Støttesatsane er rettleiande og kan variere, avhengig av mellom anna tildelt ramme, tal og type søknader, kostnadsnivå og kommunale prioriteringar. Særlege satsingar i enkelte år (t.d. kampanjar) kan også påverke satsane.

Prioritet	Tiltak	Tilskot inntil
Høg	<i>Planlegging og prosjektering av faste installasjonar</i> <i>Ny organisering av beitelag og utmarksbeiteområde</i> <i>Prosjektretta arbeid for stimulering til auka beitebruk og rasjonell utnytting av beita</i> <i>Tidsavgrensa utprøving av nytt utstyr som kan bidra til effektiv og god beitebruk</i>	70 %

	Utarbeiding av planar (beitebruksplan, tiltaksplan, beredskapsplan mv.) for utmarksbeite Vegetasjonskartlegging	
Høg	Elektronisk gjerde t.d. Nofence, Monil, merkeavlesar	50 %
Høg	Elektronisk overvakingsutstyr t.d. FindMy, telespor, drone	50 %
Høg	Sperregjerde Skal hindre beitedyr i å kome ut av beiteområdet, kan og tene til å avgrense beiteområdet mot veg, bustadområde og samanhengande jordbruksområde. Reine inngjerdingar av beitedyr i utmark fell ikkje inn under definisjonen av sperregjerde, og tilskot gis normalt ikkje til dette. Heller ikkje gjerder mellom innmark og utmark som fell inn under <i>Lov om grannegjerde</i> .	50 %
Middels	Ferist Bør vere av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar.	40 %
Middels	Bruer Det kan gjevast tilskott til bruer som er dimensjonerte for føring av beitedyr. Dersom bruene er kraftigare dimensjonert kan kostnadsoverslag eller tilskottsdelen reduserast tilsvarende.	40 %
Middels	Sanke-/skilleanlegg Innretningar (grindar, stengsel) som gjer det enklare å samle dyr ved innsanking for vidaretransport.	40 %
Middels	Gjetarhytte Kostnadsoverslag for gjetarhytter kan omfatte hytter på inntil 20 m ² med kvadratmeterpris tilsvarende gjennomsnittleg kostnad for hytter av enkel standard i det aktuelle området.	30 %
Låg	Anlegg/rydding/utbetring av driftevegar Veganlegg etablert for å leie dyr til og frå beite.	30 %
Låg	Saltsteinsautomatar Mineralstein (slikkestein) for tilførsel av essensielle mineral.	30 %
Låg	Transportprammar Dette kan omfatte innretningar nytta for transport av dyr til beiteområde der transport på sjø er einaste/enklaste tilkomstveg.	30 %

Rettleiande satsar for eige arbeid

Stranda kommune nyttar standardsatsar når kostnadsoverslag blir sett opp, for å sikre ei rettferdig og lik handsaming av søknader. Eigeninnsats skal dokumenterast med timelister som viser dato, arbeid som er utført og namn på den som har gjort arbeidet. Det skal ikkje reknast meirverdiavgift på eigeninnsats.

Satsane er samordna med tilsvarende satsar hos Innovasjon Norge, og blir justerte dersom desse endrar sine satsar i planperioden. Timesatsar for maskinbruk inkluderer drivstoff og olje.

Type arbeid	
Verdi per time eigeninnsats	400 kr
Verdi per time, eige arbeid med motorsag	435 kr
Verdi per time bruk av eigen traktor/ATV	650 kr

Kostnadstak

Øvre tak per prosjekt: maks 200 000 kr.

7. Sakshandsaming

Kommunen behandlar søknaden, skriv vedtaksbrev og utbetaler tilskot via Agros. Brev blir sendt gjennom Altinn.

Søknadar vert vurderte etter regelverk og lokale prioriteringar.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna lovverk. Før tiltaket blir gjennomført, må søkjaren derfor sette seg inn i relevante lover og føresegner og søkje om dei nødvendige løyva, til dømes etter plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova og forureiningsforskrifta.

Vedtak kan klagast til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Dersom kommunen manglar midlar, kan søknaden bli avslått, men søkjar kan velje å stå på venteliste til eventuell seinare tildeling.

Ved feil ordning blir søknaden avvist, og søkjar blir vist til rett ordning (døme: tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket).

8. Korleis får eg utbetalt tilskotet?

Tilskot blir ikkje utbetalt automatisk. Søkjar må sende inn utbetalingsoppmoding i Agros/Altinn (same løysing som ved søknaden). Det må dokumenterast at tiltaket er gjennomført, med bilete, fakturaer, timelister og rekneskap etter krav gitt i vedtaket.

9. Kvar finn eg meir informasjon?

Stranda kommune – Landbrukskontor: Jordbruk - Tilskottsordningar

Landbruksdirektoratet: Tilskot til tiltak i beiteområde

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal: Tilskot til tiltak i beiteområde

Lovdata: Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder

Rettleiar til forskrift: Forskrift om tilskudd til tiltak i beiteområder – kommentarer til regelverk